



Referat styremøte BK 05.11.20

Ideparken + Zoom

Til stede: Ana, Erlend, Erik, Ove, Magnus, Gunnar, Suong, Ågot, Henning, Endre
Fra administrasjonen: Remi

Referent: Henning

1. Godkjenning av referat fra forrige møte

Referatet ble godkjent.

2. Oppfølging frå førre møte:

Vi har enno ikkje fått ein ferdig driftsavtale på grunn av arbeidspress på leiarane av Arena Nord. I påvente av dette forholder vi oss til intensjonsavtalen. Remi sender epost til Brun Hansen for å få dette bekrefta.

3. Bolting og rebolting

Forslag om fordeling av ansvar for bolter og rebolting legges til person i administrasjonen.

Det vedtas at ansvaret legges til administrasjonen å delegere dette til navngitt person som skal ha ansvar for kontroll på lagerbeholdning og utlån. Det er mange implikasjonar knytta til problemstillinga rundt ansvar og organisering av rebolting. Det vedtas å sette ned ein komite som skal jobbe vidare med ein boltestrategi. komiteen utnevnes av Erlend. Vedtak på dette utsettes.

4. Oppdatering frå administrasjonen

- Innføring av treningspåmelding har vært eit hovudfokus. Plan er å innføre dette frå neste veke i bryggeriet og Bergenshallen.
- Dei nye nettsidene er blitt lansert og vi har hausta mykje skryt for nettsider og logo.
- Førstehjelpskurs med 4 fulle kurs for tilsette og frivillige. Oppsamlingsheat blir kjørt over nyttår.

- Trening og opplæring på dei nye tilsette for systemer
- Resepsjonen er i ferd med å ta form. Rutesettinga er i gang.
- Det rekrutterast nye medarbeidar til resepsjonen. Håpet er å rekruttere internt i klubben.
- Rekrutteringa av nye frivillige er i gang. 25 interesserte skal få opplæring i tida framover.
- Bergen Klatreklubb-APP er no tilgjengeleg for nedlasting. Nyttast til registrering i anlegga via bluetooth. Her kan ein bestille kurs, booke tid mm. Krever at alle må registrere seg som brukar av systmet.
- Keith har vært i Mørkvehallen og Oslo Klatresenter og lært deira HMS-rutiner.
- Kursplan for den nærmaste tida er under utvikling med topptau- led- og innføringskurs. Tirsdagar og torsdagar vil det arrangerast kurs framover.
- Rekruttere folk til å delta på oppstartsdagane og gi desse tilbud om å teste ut veggjen dagen før opninga.

5. Nye koronaretningslinjer

Nye reglar er på veg, men vi må avvente desse.

6. Åpningskomiteen

Dette arbeidet skal starte. Det må leggest ein plan for om det er mogleg å avholde ein fest. Suong og Remi startar dette arbeidet saman med Susanne.

7. Sponsoravtalar

Det jobbes med leverandøravtalar. Til no er det Petzl og Black Diamond som er aktuelle aktørar. Vi må vurdere desse når det foreligger. Vi kan estimere markedsverdien av å ha plakater og logoar i anlegga våre.

8. Vertical Life/oversikt over ruter i vestveggen

Felles ruteoversikt trenger vi i forkant av opning, slik at brukarane lett kan navigere i anlegga. Grads-spenn pr vegg, for eksempel. Om dette er vertical life er sekundært i starten, men vi trenger uansett ei oversikt. Det fremmes forslag om ei felles samtale der vi drøfter perspektiva frå administrasjon og frå medlemar før vi tar ei avgjersle om bruk av APP eller ikkje.

9. Ansvarlig i styret for politisk arbeid og anlegg på lengre sikt

Forslag om å formalisere at nokon har eit overordna ansvar for dette området. Ove lager eit årshjul og Erik tar på seg å legge inn dei hendingane som er kjente, samt organisere dette, Fleire frå styret deltar og bidrar inn i arbeidet med idrettsrådet og andre.

10. Handlingsplan for 2021

Administrasjonen skal jobbe fram eit utkast og ha dette klart til januarsamlinga. Sendes til styret i forkant for gjennomlesing

11. Styre og administrasjonsdag

Remi lager agenda og finne dato for denne.

12. Retningslinjer for tilsettingar og innkjøp

Ove, Remi og Magnus set seg saman og lagar eit utkast som presenterast på styremøte i januar.

13. Informasjonssaker:

Ågot informerar om vindturbin-planar i Øygarden i nærleiken av Ute-veggen. Ser ikkje ut til å vera i konflikt med noverande klatrefelt. Ho følger saken vidare.

14. Eventuelt:

- T-skjorter til styret for å bli meir synlige for tilsette, frivillige og medlemmar i klubben.
- Skal styret ha bilde, namn og roller på nettsidene våre? Sunniva kan ta bilde av oss.
- Vestlandscupen er avlyst. Viktig at alle deltakarane får beskjed om dette. Remi tar dette vidare.